



Leiketun barnehage  
Holtermadsvegen 2  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4668 - 14/19819

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
15.12.2014

## Ekstraordinært tilskot i 2014

Meland kommune har i dialog med barnehagane i mai-juni 2014 fått tilbakemelding på at økonomien i dei private barnehagane generelt er svært stram, og at dei fleste i 2013 ser ut til å gå med store underskot som følgje av at endeleg utrekna tilskotsatsar for 2013 er svært låge.

Meland kommune har difor vedteke å gje eit ekstraordinært tilskot i 2014 til dei private barnehagane. Dette ekstraordinære tilskotet vil ikkje verte rekna med i berekninga av ordinært tilskot for 2013 eller 2014 etter «Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlege tilskudd til ikkje-kommunale barnehagar»

Det ekstraordinære tilskotet vert sett til same sum som er avrekna som skulding for 2013, sjå vedtaksbrev «Endeleg vedtak om tilskot til drift og kapital for 2013», og utgjer for Leiketun barnehage kr 651 403,-.

Tilskotet vert motrekning for mykje utbetalt for 2013 etter slik berekning:

Netto utbetalt for mykje i 2013 til avrekning	kr 651 403,- (skuldig til Meland kommune)
- Ekstraordinært tilskot for 2014:	kr 651 403,-
= Netto til utbetaling	kr 0

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Leiketun barnehage

Holtermadsvegen 5918  
2

FREKHAUG